

# Innspel til nasjonal kompetansepolitisk strategi

**I brev til landets fylkesordførarar og fylkesrådsleiarar, datert 28.06.16, har Kunnskapsdepartementet bedt om innspel til regjeringa sitt arbeid med å utvikle ein nasjonal kompetansepolitisk strategi.**

Fem fylkeskommunar deltek i eit pilotprosjekt initiert av KD og KMD. Dette pilotprosjektet har som formål å styrke kunnskapsgrunnlaget i regionale kompetanseplanar, og særskilt å styrke fylkeskommunane sitt grunnlag for betring av balansen mellom tilbod og etterspørsel etter kompetent arbeidskraft. Som koordinator for pilotfylka har underteikna samla innspel frå prosjektleiarar i Hordaland, Sogn- og Fjordane, Troms og Østfold, som vi ønsker å dele med Kunnskapsdepartementet i denne innspelsrunda. Det femte pilotfylket, Sør-Trøndelag, sender eige innspel saman med Nord-Trøndelag.

Pilotane skal gje erfaringar til utvikling av god praksis for bruk av datakjelder, metodar, modellar og verktøy som kan vere hensiktsmessig å bruke for å få eit dekkande bilete av regionen sitt kunnskapsbehov i kompetansepolitikken på kort og lang sikt; korleis næringslivet sine behov for arbeidskraft spesielt kan bli fanga opp i regionale analysar; og vidareutvikling av prosess/samarbeidsmodellar for dialog og forankring hos sentrale aktørar i regionen som sit på kunnskapsgrunnlag og/eller verkemiddel av relevans for å påverke tilgang på arbeidskraft.

Pilotprosjektet skal overlevere resultat og erfaringar på KMD sitt *Regionalt utviklingsverksted* 17. og 18. oktober 2016.

KD har invitert alle fylka til å ta del i vidareføring av pilotprosjektet. Dette utviklingsprosjektet vil da starte opp parallelt med at pilotprosjektet avsluttast. Deltakarane i utviklingsprosjektet vil få støtte til arbeidet med å utvikle regional kompetansepolitisk plan, herunder oppgåver knytt til vidareutvikling og bruk av data, verktøy og analysemetodar; forsterka samarbeid, forankring og eigarskap mellom regionale aktørar; betre samordning mellom sektorane; og oppfølging av planar, herunder gjennomføring og tiltak.

*Dette innspelet frå pilotprosjektet er avgrensa til dei erfaringar vi så langt har gjort oss i vårt arbeid, og som vi ser tangerer nokre av dei punkta Kunnskapsdepartementet ber om innspel på.*

## Korleis kan regjeringa og statlege aktørar betre leggje til rette for utvikling av meir samordna kompetansepolitikk regionalt?

### Generelt om dei største regionale kompetanserelaterte utfordringane

Kort fortalt har vi kunnskap om meir enn vi har oversikt over, og vi manglar oversikt over kva vi ikkje har kunnskap om.

Kunnskapsgrunnlaget for kompetansearbeidet må formidlast ikkje berre til fylka, men òg til andre regionale interessentar, og ulike fylke og regionale interessentar kan ha lokal kunnskap eller ulik analysekompetanse og formidlingskapasitet, som kan skape stor variasjon i tilfang og bruk av kunnskap i dei ulike fylka.

Dette skapar stor variasjon i kunnskapsgrunnlaget, både mellom fylka, og mellom region og stat. Vi treng altså betre samordning av kunnskapsgrunnlaget, både kva gjeld innhenting, spreiking, tolking, analyse, og bruk. Forskringsrådets *Kunnskapssenter for utdanning* er eit tiltak for å skape og spreie slike oversikter, men senteret har få tilsette, som dei må fordele mellom forskning og forskingsformidling, og har relativt lite (og lite kjend) produksjon.

Dei strategiske prosessane må òg koplant: Kopling av dei nasjonale prosessane mot dei regionale prosessane vil kunne styrke samordning og samarbeid mellom nasjonalt og regionalt nivå, jfr. våre synspunkt og forslag til dei fire prioriterte delmåla i den nasjonale kompetansepolitiske strategien under.

Som ledd i arbeidet med nasjonal kompetansestrategi bør Kunnskapsdepartementet leggje særleg vekt på utviklingsområde som realiserer regionale utdanningsstrategiar. Nasjonale utdanningsstrategiar som aukar krav til regional ressursbruk må følgjast opp med auka statleg finansiering.

I pilotprosjektet for styrking av kunnskapsgrunnlaget for regionale kompetanseplanar, har det blant anna blitt utarbeidd ein metode for samhandling og utvikling av regional kompetanse, i form av eit «Kompetanseforum», som er tenkt å bli eit regionalt fagleg ekspertråd, som vil kunne kontinuerleg hente inn lokale næringar sine eigne kunnskapar og forventningar, raskt fange opp signal frå den lokale arbeidsmarknaden, og kan forsøke å gje ei kvalitativ vurdering av regional statistikk. Dette er meint å bringe oss frå tilfeldige utdannings- og karriereval til direkte og styrka informasjonsflyt mellom arbeidsmarknad, individ og utdanningsinstitusjonar.

I det regionale kompetansearbeidet er tverrsektorielle nettverk og samhandlingsarenaar heilt essensielle, men dersom fylkeskommunane skal vere motorar og koordinatorar i dette arbeidet vil det måtte bli stilt ei rekkje krav til auka ressursbehov. Vi nemner:

- Ressursar til å administrere og samordne regionale nettverk mellom utdanning og næring, identifisere og bryte ned barrierar som er hindringar til heilskapleg tilnærming og samordning, identifisere ressurskonfliktar og overlapping på tvers av prosjekt, stimulere til samarbeid med arbeidslivet, og utvikle løysingsforslag og mekanismar for å involvere partane i felles regionalt kompetansearbeid.
- Ressursar til å leggje til rette for kunnskapsdeling og informasjonsflyt mellom aktørane, innhenting og vurdering av regional arbeidsmarknadskunnskap og kompetansebehov, og kople det med utdanning og rekruttering.
- Kompetanse til å analysere, samanlikne og vurdere resultat av statistikk, prognosar osv., evaluere framdrifta av resultat for å kunne gjere naudsynte justeringar undervegs, samt effektmåling.

- Fokus på å skape incentiv som fremmer fleksible modellar i tett samarbeid med næringsliv og som kan påverke ungdommane sitt val i retning av arbeidslivets behov og gjere at bedrifter investerer i langsiktig rekruttering og kompetanseplanlegging.

I dag er denne kapasiteten i varierende grad berre i nokre få fylkeskommunar. For dei fleste fylka kan det vere behov for å etablere ein slik samordningsressurs på tvers av avdelingar i fylkeskommunane.

Om departementa bidreg med midlar inn i felles tiltak som t.d. utprøving av regionale «Kompetanseforum», vil det kunne bidra til å styrke motivasjon for samordning og auke sjansen til å lykkast i gjennomføringa. Erfaringar fra pilotprosjektet viser at ekstra prosjektmidlar gir moglegheit for å allokere ressursar og dedikere kapasitet, og på den måten fremme samordning. Midlane fremmer derfor samordning og har avgjerande betydning for gjennomføringa.

Vi ønsker eit tett samarbeid og støtte frå departementa i prosessen der fylkeskommunar set denne modellen ut i praksis. Dette er ein heilt ny organisering og krev ein ny form for samhandling og styring frå fylkeskommunane. Det bør derfor m.a. leggjast til rette for ei systematisk erfaringsutveksling mellom regionane, og linke det med nasjonale samarbeidsfora for på denne måten kunne sikre den nasjonale etterspørselen etter kompetanse.

## Spesifikke synspunkt og forslag til dei prioriterte delmåla i den nasjonale kompetansepolitiske strategien

### *Utvikling av datagrunnlag og annan informasjon om framtidige kompetansebehov*

#### Regional forskning

Regionale forskingsfond har som formål å styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling, mobilisere til auka FoU-innsats i regionane, bidra til auka forskingskvalitet og utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø i regionane, skape utviklings- og læringsarenaar der regionale erfaringar kan drøftast i relasjon til nasjonal og internasjonal kunnskap og aktivitetar, og sørge for tett samspel mellom aktivitetar i regionane og deira relasjonar til andre nasjonale og internasjonale program og aktivitetar.

Ordninga med offentleg sektor-ph.d. har som overordna målsetting å auke langsiktig og relevant kompetansebygging og forskingsinnsats i offentleg verksemd, auka forskarrekruttering i offentleg sektor, og auka samspel mellom akademia og offentleg sektor.

Ordninga med nærings-ph.d. har som mål å styrke samspelet mellom bedrifter og forskingsinstitusjonar, bidra til meir forskning i næringslivet, og utdanne forskarar med kunnskap som er relevant for bedriften ph.d.-kandidaten er tilsett i.

Samarbeid om desse ordningane kan bidra til å heve kvaliteten på det regionale analysearbeidet, samt til å gi næringslivet auka tilgang til den kunnskapsutviklinga som skjer i forskings- og utdanningsmiljøa. Fleire som forskar på (problemstillingar som er relevante for) offentleg sektor og regionalt næringsliv, vil òg gi meir forskingsbasert undervisning på universitet og høgskolar om lokale høve, og kan auke studentanes interesse for eigen region, og dermed også auka interesse for å skrive bachelor- og masteroppgåver knytt til lokale/regionale høve. Offentleg sektor-ph.d.-ar og nærings-ph.d.-ar vil òg kunne nyttast (meir) som mentorar for studentar i praksisplass, for å gjere praksisopphalda meir forskings-/utdanningsrelaterte.

Regjeringa bør vurdere kva rolle og ressursar desse ordningane kan få i nasjonal kompetansepolitisk strategi, både i.h.t. generell kompetansebygging, men òg i.h.t. å auke forskingskompetansen i regionale analysemiljø.

### Regional koordinering av statistikk og analysar

For å få heilskaplege regionale kunnskapsgrunnlag er det behov for betre koordinering av partane sine statistikkar og analysar. Både regional stat, fleire fylkeskommunar,<sup>1</sup> større kommunar, og større nærings- og arbeidslivsforeiningar har gode statistikk- og analysemiljø, men dei møtast sjeldan på *operativt* nivå der dei t.d. arbeider i fellesskap om problemstillingar (kan òg vere tilfelle internt i organisasjonane). Regionale arenaar som *Regional Observatories* i Storbritannia, der fleire partar går saman, anten i eitt analysemiljø, eller i faste møteplassar, kan vere verd å prøve ut. Slike miljø treng da deltaking frå regional stat og statsføretak, samt frå universitet, høgskolar og gjerne Kunnskapscenter for utdanning. Både tilgang til fagmiljø og til fag- og forskingsbibliotek vil vere avgjerande for gode regionale analysar. Regionale analysemiljø bør t.d. få enklare tilgang til å laste ned litteratur på biblioteka sine lisensar.

I dag føregår noko av arbeidet meir i *ad-hoc* analysemiljø, t.d. som i utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for regionale kompetanseplanar, eller i utarbeiding av fylkeskommunane sine folkehelseoversikter, men *ad-hoc* miljø vil ha stor variasjon over tid og rom i struktur, arbeidsform, metodar, rapportering, osv., og kan ha behov for større grad av koordinering/støtte frå statleg hald.

### Nasjonal totaloversikt

Vi manglar framleis ei totaloversikt over dei samla arbeidskraftsbehova/næringsforventningane. Det som no blir publisert frå NHO, KS og NAV representerer til dels ulike prognosar, samt at dei kjem til ulike tider av året. Vi tenker at det er naudsynt med ei totaloversikt, og at dette skal være ein prognosemodell som er handterbar og heilheitleg i dimensjoneringsarbeidet. Det er eit ønske å få denne samanstillinga nasjonalt levert. Det vil kunne vere større reliabilitet i nasjonale data og vere lettare å innhente kjeldefilar og sammenstille desse. Vidare bør dette settast ut i livet i forkant av regionreformen, og representere naudsynte endringar som vil kunne leve vidare i nye strukturer, men da bør det også kunne basere seg på ei nasjonal totaloversikt slik vi skisserer her.

### **Moglegheiter for etter- og vidareutdanning: Digital kompetanse**

Tilpassa analysar og tett kontakt mellom utdanningsinstitusjonane og næringslivet er naudsynt for at institusjonane skal kunne utvikle etter- og vidareutdanningstilbod som samsvarer med bedriftenes og den enkelte tilsette sitt behov for kompetanse. Som ledd i arbeidet med nasjonal kompetansestrategi bør Kunnskapsdepartementet som nemnt legge særskilt vekt på utviklingsområde som kan realisere regionale utdanningsstrategiar. M.a. bør digitalisering som grunnlag for pedagogisk utvikling og effektiv kunnskapsformidling for ulike målgrupper særskilt vektleggast.

Fylkeskommunane (utanom Oslo) samarbeider i dag i *Nasjonal digital læringsarena* (NDLA), som er landets største samling av opne læringsressursar. NDLA kjøper inn, produserer, og distribuerer digitale læremiddel i over 50 fag som blir lagt ut til fri bruk for allmennheita. I KS sin eigarstrategi for barnehage og skule, er det vedteke eit hovudmål om å få til ei utviding av NDLA ned mot lågare trinn.

Vi meiner det vil vere av stor verdi for andre aktørar og målgrupper (t.d. innan etter- og vidareutdanning og vaksenopplæring) om dei får auka tilgang på digitale læringsressursar og kunnskapsformidling som skjer innan det offentlege utdanningssystemet.

I arbeidet med langsiktige utdanningsstrategiar bør digitalisering som grunnlag for pedagogisk og effektivt kunnskapsformidling særskilt vektleggast. Digitalisering er eit godt verk-

<sup>1</sup> 17 fylkeskommunar saman med KMD og FD samarbeider gjennom Pandagruppen om regionaløkonomisk og -demografisk statistikk, som har formål å bidra til eit levande miljø for regional analyse innanfor arbeidsmarknad, demografi og næringsliv i Noreg. Pandagruppen eig programsystemet PANDA, med tilhøyrande regionaldemografiske og -økonomiske data og modellar.

tøy for utvikling av nye og alternative læringsmetodar, og gir auka tilgjengelegheit gjennom endra krav til fysisk nærvær. Dette vil t.d. gjere det lettare å tilpasse opplæringa innan etter- og vidareutdanning, redusere terskelen for folk som er i arbeid til å utvikle sin kompetanse, og bidra til å realisere ambisjonane om å legg til rette for livslang læring.

Med utgangspunkt i overordna målsettingar om å legge til rette for livslag læring for alle viktige målgrupper i samfunnet, er det viktige prinsipielle og overordna problemstillingar kring digital infrastruktur og kunnskap som bør utgreiast. Tema og problemstillingar knytt til eigarskap, utvikling og tilgang til kunnskap og kunnskapsformidling bør vere ein del av dette arbeidet.

Som eit ledd i arbeidet med nasjonale utdanningsstrategiar bør potensialet m.o.t. digitalisering som grunnlag for pedagogisk utvikling og effektiv kunnskapsformidling for ulike målgrupper særskilt vektleggast.

UTKAST